



SAKSHANDSAMAR  
Ingrid Melgård  
Lars Erik Eibak Bru  
Iса Трøим

VÅR REF.  
21/05625-10

DYKKAR REF.  
2022/89881-1

VÅR DATO  
24.10.2024

postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

Se mottakerliste

## **Stødleterrassen, gnr. 35/fleire bnr. og gnr. 36/fleire bnr., Etne kommune. Vedtak om freding**

Vi viser til tidlegare saksprosess og forslag til freding av deler av Stødleterrassen datert 02.06.15 som har vore på høyring hos aktuelle partar og instansar. Vi viser òg til forslag om freding frå Vestland fylkeskommune, oversendt Riksantikvaren i brev datert 20.01.23, med kopi til partar i saka og dei som har gjeve innspel til fredingssaka sidan oppstart i 2005.

Stødleterrassen er eit landsbrukslandskap som er svært rikt på spor etter bruk i førhistorisk tid og mellomalder. Dette området formidlar ei viktig historie knyta til svært sentrale, historiske personar omtala i sagaene, mange spor etter fleire tusen års samanhengande busetting og stadens tidlegare posisjon som eit unikt maktcenter i regionen. Stødle har òg ein svært viktig plass i historia om Noreg.

I området finns det mange kjende automatisk freda kulturminne, blant anna fleire gravminne og gravfelt, bergkunst, busetting-aktivitetsområde og Stødle kyrkjested.

Samanhengen mellom dei automatisk freda kulturminna, og mellom dei og landskapet dei ligg i, er heilt vesentleg for opplevinga og forståinga av kulturminna, kulturmiljøet og tidlegare bruk av området. Difor er det viktig å sikre eit større område på Stødleterrassen for å bevare verknaden av dei automatisk freda kulturminna i sitt opphavelige miljø og for å beskytte vitskaplege interesser som knyter seg til dei.



Stødleterrassen. Foto: Signe Nygaard, Vestland fylkeskommune

Riksantikvaren fatter følgande vedtak:

### **Vedtak om freding**

Med heimel i lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne (kulturminnelova) § 19, fredar Riksantikvaren delar av Stødleterrassen, gnr. 35, bnr. 2, 4, 6, 10, 12, 15, 16, 23, 25, 26, 33, 38, 39, 40, 45, 46, og 57 samt gnr. 36, bnr. 2, 3, 4, 5, 7, 8, 10, 11, 12, 14, 15, 25, 26, 27, 28, 31, 32, og 33 i Etne kommune.


### **Automatisk freda kulturminne innanfor området**

Følgande kjende automatisk freda kulturminner er registrerte innanfor områdefredinga, jf. kulturminnedatabasen «Askeladden»:

Gravminna med kulturminne-ID 90167, 127307, 90140, 90176, 90170, 127306, 90124, 127304, 90222, 127305. Gravfelta med kulturminne-ID 90191, 90185, 90215, 90207. Bergkunst med kulturminne-ID 90164. Busetting-aktivitetsområde med kulturminne-ID 117286. Kyrkjested med kulturminne-ID 84992.

### **Omfangen av områdefredinga**

Fredinga etter kulturminnelova (kml) § 19 omfattar området avmerkt på kartet nedanfor. Områdefredinga har kulturminne-ID 150278.



## **Formålet med områdefredinga**

Formålet med områdefredinga av Stødleterrassen etter kulturminnelova § 19 er å bevare verknaden av dei automatisk freda kulturminna i miljøet, ved å oppretthalde samanhengen mellom dei og med landskapet dei ligg i, og ta vare på Stødleterrassen som naturformasjon og kulturlandskap. Vidare skal fredinga sikre dei vitskaplege interessene som knyter seg til dei automatisk freda kulturminna og ivareta kjeldeverdien som ligg bevart i og under markoverflata.

## **Fredingsføresegner**

Fredingsføresegnene er utforma i samsvar med formålet med fredinga. Dei gjeld i tillegg til føresegnene i kulturminnelova om områdefreding og om automatisk freda kulturminne.

1. Innafor det feda området må det ikkje setjast i verk tiltak eller bruksendringar som kan endre karakteren til området eller på annan måte motverke formålet med fredinga. Dette gjeld alle former for planering, utfylling og andre landskapsinngrep, bygging, nyanlegg og utviding av veg eller parkeringsplass. Opplistinga er ikkje uttømmande.
2. Følgjande tiltak kan likevel tillatast etter dispensasjon frå kulturminnelova, dersom kulturmiljøstyresmakta finn at dei ikkje stirr mot formålet med fredinga:
  - nybygg der det ikkje står hus frå før
  - riving av eksisterande bygningar og nybygging på same stad
  - på- og tilbygg til eksisterande bygningar
  - støttemur, levegg, innhegning, terrasse, utepeis, altan
  - planting av ny skog
  - omlegging av eksisterande grøfter eller ny grøfting
  - utviding av kyrkjegarden og parkeringsplassen ved kyrkja
3. Det skal utarbeidast ein forvaltingsplan for området. Planen skal godkjennast av kulturmiljøstyresmaktene. Forvaltingsplanen skal innehalde retningsliner for drift, skjøtsel og tillatne tiltak. Planen bør rullerast jevnleg.
4. Drift og skjøtsel av landskapet i samsvar med forvaltingsplan kan utførast utan dispensasjon frå kulturminnelova.
5. Oppsetting og lagring av reiskap eller utstyr knytt til stadbunden næring må ikkje skje slik at det skjemmer automatisk freda kulturminne.
6. Modernisering og oppgradering av vasskjelder, vatn og avløp, kraft- og telefonlinjer, andre tekniske anlegg samt tilsvarannde inngrep i grunnen skal meldast kulturmiljøstyresmaktene i god tid før tiltaket er planlagt gjennomført (kml § 8 første ledd jf. § 3 første ledd).

7. Dersom det vert behov for akutte reparasjonar, til dømes kollaps av veiter og vassrøyr, kan dette skje utan søknad dersom desse reparasjonane ikkje kjem i konflikt med kjente kulturminneverdiar. Kulturmiljøstyresmaktene skal ha melding om tiltaket så snart som råd.

## Følgjer av fredinga

### Lovheimel

For dei automatisk freda kulturminna innanfor fredingsområdet gjeld kml §§ 3-11.

Forvaltinga av området som vert freda med dette vedtaket, vil skje i tråd med kml § 19 samt fredingsføreseggnene over.

### Løyve/dispensasjon

Områdefredinga medfører at det må søkjast om løyve/dispensasjon til å setje i gang alle typar tiltak som går utover vanleg skjøtsel, vedlikehald og drift, jf. kml § 19 tredje ledd. Dette gjeld ikkje tiltak som i føreseggnene er tillatne utan dispensasjon. Søknad om løyve skal sendast Vestland fylkeskommune som avgjer om tiltaket kan settast i verk, eventuelt på kva vilkår. Oppstår det tvil om kva som krev slik søknad, skal fylkeskommunen kontaktast.

Arbeid som krev løyve etter plan- og bygningslova, må i tillegg leggjast fram for kommunale styresmakter. Løyve etter kulturminnelova må vere gjeve før arbeid i tråd med plan- og bygningslova kan settast i verk.

I tillegg til fredingsføreseggnene skal forvaltingsplanen gi oversikt over tiltak som kan utførast utan løyve, og korleis dei kan utførast. Forvaltingsplanen skal også gi oversikt over ein del tiltak som krev løyve etter kulturminnelova. Oppstår det tvil om kva som reknast som vanleg vedlikehald, skal fylkeskommunen kontaktast.

### Økonomisk tilskot

Det er høve til å søka fylkeskommunen/Sametinget om tilskot til meirkostnader som følgjer av krav til antikvarisk utføring ved sikring, istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av freda kulturminne. For område freda etter kulturminnelova § 19 er det normalt ikkje rett på tilskott. Meir informasjon om tilskott finst på [Riksantikvarens nettsider](#) eller får de ved å kontakte relevant fylkeskommune.

Det blir normalt ikkje gjeve tilskott til freda kulturminne som museum eller det offentlege eig.

## Kort karakteristikk av kulturmiljøet

Stødleterrassen er ein markert naturformasjon i Etne, eit platå av morenemassar og sorterte massar som hever seg opp frå dalbotnen langs Etneelva. Landskapsformene er resultat av geologiske tilhøve og jordbruksstradisjonar som går langt tilbake i tid. Drift av

sand- og grustak har i nyare tid redusert arealet på terrassen, særleg i vest og søraust. På Stødleterrassen ligg ei stor mengd forhistoriske kulturminne. Det er i dag kjent over 50 automatisk freda kulturminne her. Tidlegare har talet vore over det dobbelte, men mange kulturminne har gått tapt. Det er påvist fleire funn og anlegg under markoverflata, og potensialet for nye funn er svært høgt. Dei eldste funna på terrassen er frå slutten av steinalderen. Dei automatisk freda kulturminna (eldre enn 1537) omfattar mellom anna fleire gravfelt, gravhaugar, bergkunst, busettings- og dyrkingsspor samt Stødle kyrkje og den eldste delen av kyrkjegården.

Samanhengen mellom landskapet og kulturminna gjer terrassen til eit særmerka område. Arealet som vert freda etter kulturminnelova § 19, omfattar sentrale deler av Stødleterrassen og utgjer vel 521 dekar. Fredingsarealet dekker i hovudsak arealet kring dei attverande kulturminnekonsentrasjonane, i tillegg til dei delane av terrassen som det tidlegare er gjort funn på, eller som har størst potensiale for nye funn i tilknyting til kjende kulturminne. Det meste av fredingsområdet er i dag relativt flatt jordbruksland. Lendet var tidlegare meir markert med åsryggar og dalsøkk.

På terrassen ligg eit 20-tals bygningar, fordelt på fem gardstun. Husa på gnr. 35 bnr. 4 og 12 er ein rest av det gamle klyngetunet på Stødle. Alle andre tun er etablerte etter utskiftinga tidleg på 1900-talet. Stødle kyrkje er frå mellomalderen og kan vere reist av Erling Skakke kring 1160. Kyrkja ligg nær kanten av terrassen mot vest. Den lange terrassekanten mot vest vender mot Etnebygda og fjorden.

Ei meir utførleg skildring av fredingsområdet følgjer i vedlagt dokumentasjon, utarbeidd av fylkeskommunen i 2015.

## **Vurdering av kulturminnet. Grunngjeving for fredingsvedtaket.**

Stødleterrassen er eit særegne kulturlandskap, med spor etter busetnad og aktivitet gjennom mange tusen år. Terrasselandskapet utgjer ein særprega og unik naturformasjon og er samstundes eit aktivt landbrukslandskap. Her ligg det ei rekke automatisk freda kulturminne. Dei viser stor tidsdjupne og strekk seg frå steinalderen fram til mellomalderen. Saman med dagens bygningar og jordbrukslandskap er dei uttrykk for kontinuiteten i bruken av området.

Samanhengen mellom dei automatisk freda kulturminna, og mellom dei og landskapet dei ligg i, er heilt vesentleg for opplevelinga og forståinga av kulturminna, kulturmiljøet og tidlegare bruk av området. Mellomalderkyrkja og bergkunstfeltet på Helgaberg ligg 4000 år frå kvarandre i tid, men dei ligg fysisk nær kvarandre og viser ein samanheng som er uttrykk for kor sentral Stødleterrassen har vore for folk gjennom fleire tusen år. Faste kulturminne og gjenstandsfunn i området peikar vidare mot at Stødle alt i bronsealderen og gjennom jernalder og tidleg mellomalder har vore eit maktsentrums i Sunnhordland.

Stødle har og ein svært viktig plass i Norgeshistoria som lendmannen Erling Skakke og hans son barnekongen Magnus Erlingsson sin gard på 1100-talet. Erling Skakke står truleg og bak bygginga av Stødle kyrkje.

Utviklinga av det moderne samfunnet har ført til eit press på kulturmiljøet og kulturminna på Stødleterrassen. Massane som terrassen er bygd opp av, er i vår tid ein råstoffressurs som kan utnyttast industrielt. Sand- og grusuttak har ført til omfattande inngrep i landskapet som trugar sjølve terrassen som landskapsformasjon. Også bruken av området til landbruk har i det siste hundreåret ført til omfattande endringar av landskap og bygningsmønster på Stødleterrassen. Det forhistoriske kulturlandskapet på terrassen er sårbart for ytterlegare endringar av terreng, vegetasjon og bygningar. Nye tiltak kan verke negativt inn på opplevinga av kulturminna, og forringe eller skipla samanhengen mellom dei. Stødleterrassen har eit stort potensiale for nye funn av automatisk freda kulturminne. Endringar i driftsform og busetnad kan òg vera ein trussel mot desse, gjennom til dømes djupare pløyning og ny utbygging.

For å sikre eit langsiktig og heilskapleg vern av dei attverande og verdfulle samanhengane som kulturminna viser og utgjer, har kulturmiljømyndighetene vurdert det som naudsynt med ei områdefreding av større delar av Stødleterrassen. Riksantikvaren gav allereie i brev av 19.07.2004 uttrykk for at «eit så viktig kulturmiljø som Stødleterrassen bør sikrast gjennom kulturminnelova». Også det dåverande Miljøverndepartementet slo i vedtak av 09.10.2001 fast at «det samla kulturmiljøet på terrassen er av nasjonal interesse/verdi».

I fredingsprosessen har det vore eit sentralt punkt å sameine omsynet til kulturminna med interessene til grunneigarar og brukarar på Stødleterrassen. Målet med føresegnene i fredinga er å bidra til ei enkel og rask sakshandsaming. Det vil vera viktig at både grunneigarar, brukarar og ulike forvaltningsnivå er innforstått med dei rettar og plikter som gjeld. Fredinga vil ikkje føre til vesentlege endringar i dagens driftsform og virke. Stødleterrassen er først og fremst eit landbrukslandskap med eit landskapsbilete ein ønsker å ta vare på. Vidare landbruksdrift på Stødleterrassen er viktig for formålet med fredinga og det overordna landskapsbiletet som ein ønsker å verne om.

## **Grunngjeving for omfanget av fredinga**

Storleiken på fredingsarealet har stått sentralt i fredingsprosessen. Grunneigarar og kommunen har ønskt eit mindre omfang enn det fylkeskommunen først gjekk inn for. Fylkeskommunen har difor vurdert nøyne kva for areal på terrassen det er fagleg tilrådeleg å forvalta etter anna lovverk enn kulturminnelova.

Lokal kunnskap om kulturminna hjå grunneigarar og i kommunen, og ansvarleggjering lokalt gjennom planprosessar, gjer at større område kan verta liggande utanfor

områdefredinga. På denne bakgrunnen er fredingsområdet justert ned til vel 521 dekar. Dette dekker dei viktigaste areala med kjende kulturminne og områda omkring dei, som samstundes er eit areal med stort potensial for nye funn av automatisk freda kulturminne. Området er lokalisert på øvre del av terrasseflaten. Terrassekanten utgjer ei naturleg avgrensing av området mot sør og vest, elles er eksisterande veg- og eigedomsgrenser lagt til grunn.

Areal utan kjente funn eller bevarte kulturminne, nord på Stødleterrassen og ved tuna på Sørheim og Austrheim, er ikkje omfatta av områdefredinga. Austrheim er og ein viktig del av terrassen, men i dette landskapet er det alt gjort svært store inngrep/tiltak. Dei automatisk freda kulturminna som var registrert her er i stor grad borte. Her er framleis eit potensial for funn, men ikkje tilstrekkeleg til å ta Austrheim med i områdefredinga. Ved tuna på nedre del av Sørheim ligg dei automatisk freda kulturminna som er att oppe på øvre terrasse, og fredingsgrensa er difor trekt ved terrassekanten. Fredingsgrensa i søraust inn mot sand- og grusuttaka er i satt i høve til eksisterande reguleringsplanar, men ho er trekt noko inn i høve til planane ettersom det der er ein åsrygg mot gardstuna som også i forhistorisk tid har vore viktig. Denne landskapsryggen er viktig å ivareta. Dette får følgjer for avgrensinga av fredingsområdet ved terrassekantane ned mot Etneelva. Historisk sett er også nordre del av Stødleterrassen viktig. Her er det tidlegare gjort viktige arkeologiske funn, men desse er det i dag ikkje synlege spor etter. Også dette området er tatt ut av fredingsområdet.

Kulturhistorisk har heile Stødleterrassen eit stort potensial for spor etter historisk aktivitet. Alle automatisk freda kulturminne, både kjende og nye funn, beheld sitt vern etter kulturminnelova, sjølv om dei ikkje ligg innafor områdefredinga. Vidare arbeid med kommunale verneplanar og omsynssoner kan gje eit styrkt framtidig vern av samanhengane mellom den avgrensa områdefredinga og andre område på Stødle.

## **Riksantikvaren si mynde**

Det følgjer av kulturminnelova § 19 at departementet kan frede eit område rundt eit freda kulturminne så langt det er naudsynt for å bevare verknaden av kulturminnet i miljøet eller for å verne vitskaplege interesser som knyter seg til det. Myndigkeit til å fatte vedtak om freding er delegert frå Klima- og miljødepartementet til Riksantikvaren, jf. forskrift 15. februar 2019 nr. 127 om fastsetting av myndigkeit mv. etter kulturminnelova, § 2 (4).

## **Lokalisering og eigedomstilhøve. Reguleringsstatus**

Fredingsområdet omfattar sentrale delar av Stødleterrassen og utgjer vel 521 dekar.

Eigedomane som heilt eller delvis ligg innafor fredingsområdet, har følgjande eigarar:

Namn eigedom	Gnr.	Gnr./bnr.	Eigar
Stødle	35	35/2	Gundegjerde, Roar Erik
Stødle	35	35/4	Selland, Inge
Uren	35	35/6	Stødle, Bjørn
Stødle	35	35/10	Oppedal, Olav
Stødle	35	35/12	Storhaug, Tron Storhaug, Marit
Stødlebakken	35	35/15	Svendsen, Ingvild
Stødle kyrkje	35	35/16, 46	Etne kommune
Gravdal	35	35/23, 40	Etne kommune
Kyrkjeskard	35	35/25, 38	Etne kommune
Kyrkjehaugen	35	35/26	Etne kommune
Kyrkleåkeren	35	35/33, 39	Etne kommune
FV-35		35/45	Vestland fylkeskommune
Gilavegen 1	35	35/57	Selland, Astrid
Sørheim	36	36/2	Sørheim, Bjørnar
Sørheim	36	36/3	Heggelund, Kåre
Sørheim	36	36/4	Aune, Andreas
Frydenlund	36	36/5	Silde, Elisabeth
Sørheim	36	36/7, 26	Gundegjerde, Roar Erik
Solbakken	36	36/8	Strøm, Jan Arne Valde, Ruth
Kvalheim	36	36/10	Hundseid, Anders Sørheim
Fagerheim	36	36/11, 27, 28	Aune, Andreas Aune, Tove
Sjonarhaugen/Lundmark	36	36/12,14	Sørheim, Vidar
Sollund	36	36/15	Grindheim, Ansgar
Utsikten	36	36/25	Grindheim, Ansgar
FV-35	36	36/31	Vestland fylkeskommune
Stødlevegen 229	36	36/32	Majewski, Jaroslaw
Stødlevegen 235	36	36/33	Øverland, Marius

Fredingsområdet er ikkje regulert. Arealdelen til kommuneplanen er for tida under rullering. I planforslaget for arealdelen 2023-2030 (planID 202302) er størstedelen av

fredingsområdet avsett til LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksem basert på ressursgrunnlaget til garden. Eit område ved Stødle kyrkje er avsett til arealformål grav- og urnelund. Heile fredingsområdet er i planforslaget avsett til hensynssone c), bevaring kulturmiljø sosikode H570\_25 og hensynssone c) bevaring naturmiljø sosiskode H560\_Vernet vassdrag. Sør på terrassen grensar fredingsområdet opp mot areal for råstoffutvinning. Uttak av grus og sand er òg regulert i reguleringsplan for massetaket Austrheim II, vedteken av Etne kommune 31.10.2018.

Kulturmiljøet og kulturminna på Stødleterrassen er òg omtala i kommunen sin kulturmiljøplan (*Kulturmiljøplan. Kommunedelplan for kulturmiljø i Etne 2022 – 2026*).

Eit større område i Etne, deriblant Stødleterrassen, har status som eit kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse (*Etne. Rikt jordbrukslandskap med lang historie (K420), Kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse*).

## **Tilhøvet til naturmangfaldlova**

Når kulturminneforvaltinga fattar vedtak, skal det samtidig gjerast ei vurdering av om vedtaket kan verke inn på naturmangfaldet. Prinsippa i lov om naturmangfald 19. juni 2009 nr. 100 (naturmangfaldlova) §§ 8 – 12 jf. § 7 skal leggast til grunn ved all offentleg myndigheitsutøving.

Det er gjort søk i Artsdatabanken sitt Artskart og Naturbasen til Direktoratet for Naturforvaltning for å få naudsynt kunnskap. Innafor fredingsområdet er det ikkje registrert sårbare eller trua arter. Det er heller ikkje registrert andre særskilt verneverdige naturtypar eller naturområde. Hovudintensjonen i fredinga er å ta vare på landskapet slik det ligg i dag. Fredinga vil difor ikkje påverke naturmangfaldet i negativ retning.

## **Bakgrunn for fredinga**

Det samanhengande kulturlandskapet på Stødleterrassen har gjennom 1900-talet vore truga som følge av industrielt masseuttak, meir intensiv landbruksaktivitet og andre tiltak. Kulturmiljøstyresmaktene har difor i lang tid vore opptekne av korleis området kan sikrast betre.

## **Mellombels freding – 2000**

29.09.2000 gjorde Hordaland fylkeskommune vedtak om mellombels freding av området nord og sør for Stødle kyrkje. Vedtaket hang saman med at det var sett i gang husbygging, trass i at det låg føre sterke verneinteresser. Eit nytt vedtak der grensa for det mellombels freda området vart justert, vart gjort 30.10.2000. Dette omfatta delar av gnr. 35, bnr. 1, 2, 10, 15, 18, 23, 26, 33, 39, 40 og 48.

Spørsmålet om korleis eit meir omfattande og heilskapleg vern av Stødleterrassen kunne sikrast, vart også aktualisert då det på same tid vart arbeidd med ein reguleringsplan for utvida sand- og masseuttak på Sørheim, lenger sør på Stødleterrassen. Fylkesutvalet i Hordaland ville 07.12.2000 ikkje motsetje seg reguleringsplanen slik den kulturminnefaglege tilrådinga var, men bad om at det vart sett i gang arbeid for å sikre eit område på Stødleterrassen etter kulturminnelova. Riksantikvaren reiste motsegn til reguleringsplanen, men planen vart godkjend av Miljøverndepartementet. Slik vart kulturminneverdiane på Stødleterrassen, og vekting opp mot sandressursane, vurdert av begge organ. I Miljøverndepartementet si avgjerd i motsegnsaka av 09.10.2001 til reguleringsplan for massetak på Sørheim gnr. 36, bnr. 5 og 10, heiter det:

«Kulturminnestyresmaktene har fleire gonger dei siste 20-25 åra søkt å sikre kulturmiljøet på terrassen. Ytterlegare inngrep i Støle-/ Sørheim-/ Austrheimterrassen som vil forringje dei samla kulturmiljøverdiane, vil ikkje være i tråd med nasjonale mål.»

Etter drøftingar mellom Etne kommune, fylkeskommunen og Riksantikvaren var det semje om å gå vidare med ei fredingssak. Riksantikvaren si vurdering i brev av 19.07.2004 er at freding etter kulturminnelova § 19 er det mest hensiktsmessige i denne saka, og at eit så viktig kulturmiljø som Stødleterrassen bør fredas gjennom kulturminnelova.

Hordaland fylkeskommune tok i 2004 på seg å gjennomføre og førebu forslag til områdefreding. Formell oppstart av ordinær fredingssak var i 2005.

## **Utgreiing for saksgang og innkomne merknader**

### **Oppstart av fredingssak – 2005**

Melding om oppstart av fredingssak for Stødleterrassen vart i samsvar med kulturminnelova

§ 22 nr.1 send eigarane og kommunen i brev av 03.02.2005. Meldinga vart kunngjort i avisene Grannar og Haugesunds Avis.

Det kom inn i alt 12 merknader til varsel om oppstart av freding. Felles for dei fleste var at det vert uttrykt ei uro for framtidig bruk av området og ein skepsis til nytteverdien av ei freding. Ut i frå ein jordbruksfagleg ståstad kom det fram ei opplevd uvisse til utviklinga av landbruket som leveveg frametter, både for dyrka landbruksareal og for utvikling av eksisterande tun. Det kom vidare innspel om at bustadomter og tun som ikkje har særleg eigenverdi som verneobjekt, bør trekkast ut av fredinga. Kyrkja sitt behov for utvida areal vart også meld inn.

Merknad 1: 36/10, brev datert 28.02.05. Johannes Hundseid og Anita Sørheim viser til at storparten av innmarka til 36/10 og 36/5 vert liggande inne i fredingsområdet. Dei reiser spørsmål om konsekvensane for jordbruksdrift i ei freding.

Merknad 2: 36/8 – 16 – 19, brev datert 19.03.05. I eit felles brev ber Bernhard Haaland, Sølvi Berge Grindheim og Henry Stødle om at bustadtomtene vert haldne utanfor fredingsområdet. Dei viser til markinngrep på 36/19 og vidare til at bustadtomter i grensa på Stødle er vurdert tatt ut.

Merknad 3: 35/15, brev datert 04.04.05. Arne Bjørn Svendsen ber om at grensene for fredinga vert justert. Forslag til freding bandlegg ei mindre tomt (35/30). Denne bør takast ut av di tomta ligg tett opp til eksisterande bustadeigedom. Svendsen legg fram forslag til ny grense for vernearealet, med ei rettare linje for fredingsarealet mellom bnr. 27 og bnr. 31. Dette vil sikre ei tomt for bustadhus/kårhus.

Merknad 4: 35/10, brev datert 05.04.05. Advokat Morten Harsvik gjev på vegne av grunneigar Olav Oppedal tilsvær der grunneigar er negativ til freding. I brevet vert det vist til at dei fleste av argumenta for freding er borte. Ein viser til at gjennom fredinga har eigedomen fått eit verditap som det offentlege kan verta kravd erstatning for.

Merknad 5: 35/4, brev motteke 07.04.05. Else Kambo Selland og Inge Selland er negative til omfanget av fredinga, og stiller spørsmål om konsekvens av freding for framtidig landbruksdrift. Dei melder at gamlestova på 35/4 er i dårleg forfatning og har liten verneverdi.

Merknad 6: 36/12-14, brev datert 05.04.05. Sigve Sørheim ser at ei freding kan få negative følger for utvikling av garden, tunet og for generasjonsskifte på garden. Sørheim meiner det må finnast andre direkte verkemiddel for å eventuelt hindre større omfang av sanduttak.

Merknad 7: 35/, brev datert 07.04.05. Harald Sirnes, på vegne av Den norske kyrkja – Kyrkjekontoret, melder inn kyrkja sine behov. Det er ynskje om utviding av gravplassen og parkeringsplassen, samt ein tiltaksplan og vedlikehaldsplan for Stødle kyrkje. Dei ynskjer eit nært samarbeid med Etne kommune.

Merknad 8: 36/7, brev datert 05.04.05. Ingvar og Ole Ragnar Gundegjerde set fram ynskje om ei innskrenking av det føreslattede fredingsarealet, slik at det er i samsvar med tidlegare forslag om avgrensing.

Merknad 9: 37/1-10, brev datert 07.04.05. Lorentz Østrem ynskjer at hans bruk blir tatt ut av fredinga då det ligg like i kanten av fredingsområdet, og det er ingen kulturminne registrert her. Det vert vist til at kulturlandskapet kan takast vare på med andre

verkemiddel enn områdefreding, og etterlyser kva verknader fredinga vil kunne ha på framtidig drift på gardane.

**Merknad 10:** 36/4, brev datert 07.04.05. Henry Haaland ber om at grensa for freding vert flytta til foten av Hetlebrekk. Haaland ser at fredinga vil ha negative konsekvensar i høve til gardsdrifta og peikar på at fleire av meirkostnadene som kulturminnevern vil gje vert lagt på private, trass i at det er nasjonale kulturminne dette gjeld.

**Merknad 11:** Etne kommune, brev datert 10.05.05. Etne kommune har handsama forslag til vern i kommunestyret den 03.05.2005. Kommunen ynskjer ei differensiering av vernet, og gjer greie for gjeldande praksis for søknad om tiltak. Etne kommune hevder at vern vil auke byråkratiet og følgjeleg frustrasjonsnivået. Ein ynskjer å kombinera kulturminnelova og plan- og bygningslova gjennom ein reguleringsplan, og ber om at Hordaland fylkeskommune tek ansvaret for planen, jf. vedtak K-011/05.

**Merknad 12:** 36/2, brev datert 07.04.05. Ståle Sørheim ser at kulturminnevernet er for seint inne med tanke på tap av kulturminne, då skaden allereie er skjedd. Mange av kulturminna som er att er i dårleg stand. Ei fredinga kan få negative konsekvensar for drift og utvikling av garden, og fredinga vil føre til meir byråkrati. Det er og eit spørsmål om fredinga vil kunne stoppe vidare masseuttak på terrassen.

### **Hordaland fylkeskommune sine kommentarar til merknadene i 2005**

Etne kommune ynskjer ein reguleringsplan for Stødleterrassen. Fylkeskommune ser at ei samkøyring mellom kulturminnelova og plan og bygningslova, til dømes ved regulering til omsynssone, vil kunne gi eit godt vern. Det er likevel det overordna landskapsbiletet og samanhengane i kulturmiljøet som er hovudfokus for Stødleterrassen. Dette vil ei områdefreding lettare og betre kunne ta i vare enn ein reguleringsplan som går meir på detaljnivå og skal vegast opp mot andre interesser. Ei områdefreding vil vere eit betre styringsverktøy for langsiktig forvaltning av dei nasjonale kulturminneverdiane for grunneigarar, kommune og kulturmiljøforvaltinga. Mange og ulike lovverk og saksprosedyrar gjeld uansett for Stødleterrassen, men sikrar ikkje på same vis som kulturminnelova dei heilskaplege vurderingane som ligg i formålet til fredingsforslaget.

Fleire merknader handlar om kva følger ei freding vil få for drift og vidareutvikling av gardstun og eigedomar. Hordaland fylkeskommune meiner vidare landbruksdrift og bruk av Stødleterrassen er viktig for kulturminnevernet. Det sikrar at landbrukslandskapet vert skjøtta og halde i hevd, noko som er i tråd med formålet for fredinga. Det skal vere rom for vidareutvikling og moderne landbruk på Stødleterrassen. Det er slik i kulturminnevernet si interesse at ein ikkje slår bein under driftsgrunnlaget for gardane.

Det er likevel klart at ei freding vil gjera grensene tydlegare for typar av drift som er eigna til å gjere skade eller gi negative konsekvensar både for kvart einskild kulturminne og for samanhengane mellom kulturminna spesielt og landskapsbiletet generelt. Mykje av dette kjem fram gjennom forslag til føresegner for fredingsområdet. Vektinga mellom utvikling og vern må drøftast vidare i ein forvaltningsplan som konkretiserer saksgang og prosedyrar. Fylkeskommunen minner om at dei automatisk freda kulturminna alt er freda. Områdefredinga vil gje eit klarare bilete på kva konsekvensar kulturminna og kulturlandskapet vil ha for bruken av områda.

Med omsyn til bygningsmassen både på gardstun og bustadeigedomar, fører områdefreding etter § 19 ikkje til eit vern av desse bygningane i seg sjølv, slik fleire har uttrykt otte for. Hovudføremålet med områdefredinga er ei ivaretaking av landskapet kring dei automatisk freda kulturminna og kulturlandskapet.

Den norske kyrkja varslar trong for større plass. Fylkeskommunen ser det som viktig at Stødle kyrkje held fram med å vera i aktiv bruk, men det er samstundes eit stort potensial for konflikt ved ei utviding av bruksareala rundt kyrkja. Omfanget og plassering av naudsynte tiltak må vektast opp mot kulturminneverdiane gjennom dispensasjon. Sjølve kyrkja og den mellomalderske delen av kyrkjegarden er automatisk freda, og § 19-fredinga endrar ikkje på dette.

Fleire av innspela fremjar ynskje om endringar av forslaget til avgrensing. Bruk 35/15 på Stødle ynskjer eit areal ut av fredingsområdet for å få bygd nytt bustadhus. Dette arealet ligg i eit område rett nedanfor kyrkja og eit større gravfelt. Her har varsel om freding vore viktig og styrande i ein prosess der ein i etterkant av oppstartsvarselet har funne løysingar som partane har kunna akseptere.

Grunneigar på 36/4 ynskjer å setja grensene for fredingsområdet i foten av bakken på Hetlebrekk. Gravelta på Hetlebrekk er ei av regionen sine største samlingar av gravminne. Teigen er viktig for heilskapen og landskapet dei automatisk freda kulturminna ligg i, og må difor vera omfatta av fredinga.

Samanfatta viser merknadene ein generell skepsis både til sjølve områdefredinga og til omfanget av denne. Reduksjon og bortfall av fredinga er signal som er gitt. Forslag til områdefreding er seinare vesentleg redusert i høve til oppstartsvarselet, og har slik sett søkt å koma merknadene i møte så langt som det er fagleg tilrådeleg. Drift av eksisterande landbruk kan fortsetja så lenge det ikkje vil få negative verknader i høve til føremålet med fredinga.

## **Saksgang 2006–2010**

Hordaland fylkeskommune såg det som viktig å forankre fredingsforslaget lokalt, og arbeidde saman med grunneigarar og kommune om dette. Det vart halde fleire opne

møte og personlege dialogmøte med grunneigarar i saka. I april 2006 vart ei vidt samansett referansegruppe etablert. Ein vesentleg del av arbeidet var å utarbeide forslag til forvaltingsplan kopla til fredingsforslaget. Av fleire grunnar trekte prosessen ut i tid.

### **Høyring av fredingsforslag – 2010**

I samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 2 vart eit nytt fredingsforslag sendt på høyring til partane i saka 13.09.2010, og samstundes lagt ut til offentleg ettersyn.

Til høyringa i 2010-2011 kom det inn 21 høyringsfråsegner. Ingen av desse gav full tilslutning til forslaget. Saka vart på ny lagt fram for fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune, som denne gang ikkje gav tilslutning til framlegg. I høyringsprosessen gjorde omsyna til drift og samfunnstryggleik det naudsynt å ta med eigne punkt i føreseggnene til fredinga. Hordaland fylkeskommune sökte å finne fram til retningsliner som både tok omsyn til planlagt utvikling og akutte tiltak som kunne oppstå.

Dei 21 merknadene i 2010 var retta til eit foreslått freda areal på 917 dekar, og tok mellom anna opp omfang og innhald i fredingsforslaget, og dei økonomiske konsekvensane av ei områdefreding.

For å opplyse saka følgjer her hovudtrekk i utviklinga av fredingsforslaget mellom 2010 og 2013, på bakgrunn av innspela den gong.

Ut frå høyringsfråsegnene kunne ein sjå at det ikkje er usemje om at kulturminna på Stødleterrassen er viktige, både som fysiske spor etter ei svunnen tid og som kunnskapsbase for framtidige generasjonar. Det er først og fremst trøng til freding av eit område etter kulturminnelova § 19, omfanget av det freda arealet, og føreseggnene til dette som det er knytt ulike oppfatningar til.

Fleire grunneigarar på Austrheim meinte at deira tun måtte kunne takast ut av fredingsomfanget, og fleire av merknadane var knytt til framtidig forvaltningsplan for området. Sandnæringa bad om at meir omsyn vart teke til deira interesser. Det kom også innspel i denne retninga frå Direktoratet for mineralforvaltning, som peika på at grusressursen i Stødleterrassen er ein regional ressurs.

Etne kommunestyre kom med ei rekkje synspunkt i sitt vedtak av 22.3.2011. Dei ynskte m.a. meir gjennomslag for lokale merknader og tilrådde eit mindre fredingsareal i kombinasjon med bruk av omsynssoner etter plan- og bygningslova, meinte området måtte avgrensast til berre det som var naudsynt for å sikre kulturminna, bad om at det vert sett på mogelege avkortingar i randområda, meinte at eit freda område på 917 dekar ville føre til auka byråkratiske utfordringar, bad om at Austrheim vart vurdert teke ut,

meinte at hjørna på sandtaka på Sørheim og Austrheim kunne mjukast opp, og bad til slutt om at Stødle kyrkje sine interesser vart teke omsyn til.

### **Utvikling av eit fredingsforslag med mindre fredingsomfang 2011-2013**

For å kome innspela i møte vart det gjort endringar i fredingsforslaget. Storleiken på fredingsarealet var eit sentralt tema. I 2011 la Hordaland fylkeskommune eit fagleg framlegg på 917 dekar fram for Etne kommune. Etne kommune la i tilsvær til dette fredingsforslaget fram ynskje om regulering av Stødleterrassen etter plan- og bygningslova, der ein av verknadane var at freda areal vart mindre. Fylkeskommunen vurderte etter Etne kommune sitt innspel om nokre viktige område på Stødleterrassen kunne gjevast vern gjennom anna lovverk.

Lokal kunnskap om kulturminna, og Etne kommune sin uttrykte vilje til verne gjennom planprosessar gjorde at Hordaland fylkeskommune vurderte at eit større område av Stødleterrassen kunne takast ut av fredingsområdet. Dette gjaldt eit areal det ikkje var kjente funn på – området nord på Stødleterrassen og området ved tuna på Sørheim og Austrheim. Slik arbeidde Hordaland fylkeskommune mellom 2011 og 2013 fram eit forslag til fredingsareal som ville vera dekkande for å ivareta sjølve kjernen i det kulturhistorisk verdfulle området på Stødleterrassen. Forslaget ville og dekke areala mellom dei kjende samlingane av automatisk freda kulturminna, og sikre den heilskaplege opplevinga av kulturmiljøet.

Hordaland fylkeskommune valde å ta ut Austrheim av forslaget til freding. Dette arealet vurderte fylkeskommunen som eit viktig område, men her var det alt gjort svært inngripande tiltak. Her er framleis potensial for funn, men Hordaland fylkeskommune vurderte det faglege potensialet som ikkje tilstrekkeleg til å inkludere Austrheim i områdefredinga.

Området rundt tuna på nedre del av garden Sørheim vart også vekta ut i frå omsyn til fagleg ivaretaking. Fylkeskommunen la til grunn at dei viktige kulturminna som er att, ligg oppe på øvre terrasse og at fredingsgrensa difor må gå ved terrassekanten. Dette får følgjer for terrassekantane ned mot Etneelva, som då går ut av fredingsforslaget. Grensa i søraust inn mot sand- og grusuttaka er sett i høve til eksisterande reguleringsplanar. Grensa er trekt noko inn i høve til planane, ettersom åsryggen mot gardstuna har vore viktig også i forhistorisk tid og difor fagleg sett er rett å ivareta gjennom områdefredinga.

Området i nord vart justert med omsyn til dei kjende automatisk freda kulturminna. Historisk sett er nordre del av Stødleterrassen viktig. Her er tidlegare gjort viktige funn, men det er i dag ikkje synlege spor etter desse. Fagleg sett vart det vurdert at for dette området ville eit vern gjennom andre prosessar vera meir tenleg.

Kulturminna ligg spreidd over eit større areal på Stødleterrassen, men dei er lokalisert på øvre del av terrasseflaten. Fagleg sett vil terrassekanten vera ei naturleg grense. Der ei slik avgrensing ikkje er naturleg, har Hordaland fylkeskommune lagt eksisterande veg og eigedomsgrenser til grunn. Ein fekk slik eit samanhengande areal på vel 521 dekar som dekker det viktigaste arealet med kjende kulturminne, og området med særleg stort potensial for nye funn.

Hordaland fylkeskommune gjorde samstundes endringar og tilpassingar i føresegne og i forslaget til forvaltningsplan, for å klargjere og forenkle for gardsdrifta på Stødleterrassen.

### **Oversending av fredingsforslag til Riksantikvaren – 2013**

Hordaland fylkeskommune såg endringane i forslaget som eit viktig steg for å etablera eit varig vern av kulturminna på Stødleterrassen. Forslaget som vart utarbeidd i 2011-13, ville balansere lokale syn med ivaretaking av framståande kulturminneverdiar.

Kulturhistorisk har Stødleterrassen eit stort potensiale for nye funn. Den faglege vurderinga var samstundes at dei områda som i dag ligg utanfor det foreslått freda området kan bli ivaretatt gjennom eksisterande lovreglar, og at vidare arbeid med kommunale planar kan gje eit tilstrekkeleg styrkt framtidig vern.

Då området vart halvert frå 917 til 521 dekar, fall mange eigedomar utanfor. Føresegne vart justerte for å gjere det enklare og meir føreseieleg for dei fastbuande på Stødleterrassen. Det var også teke omsyn til behova til Stødle kyrkje.

Fredingsforslaget vart i tråd med vurderingane ovanfor sendt til Riksantikvaren 05.02.2013. Den viktigaste endringa var å kome Etne kommune og dei fastbuande sine vesentlege merknader i møte, ved at fredingsarealet vart omfattande redusert. Riksantikvaren vurderte 29.04.2013 at endringane var så omfattande at forslaget måtte til ny høyring, og saka vart sendt i retur til fylkeskommunen.

### **Ny høyring av fredingsforslaget – 2015**

Det justerte fredingsforslaget vart sendt på ny høyring i 2015. Det var no vesentleg ulikt fredingsforslaget som var til høyring i 2011. Forslaget var utarbeidd for å kome merknadane i den førre høyringa i møte, og i tråd med vurderingane ovanfor. Området var nesten halvert, frå 917 til 521 dekar.

Det omarbeidde fredingsforslaget blei i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 2 sendt på høyring til partane i saka 02.06.2015. Det vart kunngjort i avisene Grannar, Haugesunds Avis og Norsk lysingsblad, og på fylkeskommunen sine nettsider, [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no). Det vart sett ein uttalefrist på tre månader frå kunngjeringsdagen.

Fredingsforslaget svarte til forslaget som vart sendt til Riksantikvaren i 2013 kva gjeld omfanget av fredinga, men det vart gjort ei redigering, føresegne vart justerte, og ein del utfyllande opplysingar vart lagt til. Utarbeiding av sameina forvaltingsplan vart utsett til etter at fredingsprosessen er avklara. Forvaltingsplanen skal være eit levande dokument som rullerast jamleg.

## **Merknader til ny høyring – 2015**

Til fredingsforslaget i 2015 kom det inn 8 merknader, der 2 var frå lokale grunneigarar. Innhaldet i merknadane var omfattande og kravde utfyllande svar. For å legge til rette for handsaming av ei alt komplisert sak i Etne kommunestyre, vart merknadsgjennomgangen lagt fram til kommunen i eige vedlegg. Sentrale moment i merknadane er:

**Merknad 1:** Sørheim 36/10, brev datert 07.09.2015. Johannes Hundseid og Anita Sørheim Hundseid reiser spørsmål om konsekvensane for jordbruksdrift, og ber om at gnr. 36 bnr.10 vert teke ut, då det er undersøkt, og ikkje har verken tilstrekkeleg kjente funn eller tilstrekkeleg potensiale for funn av automatisk freda kulturminne til å heimle freding av eigedomen. Hundseid har samstundes forståing for å bevare kulturminna, samt kulturminna i miljøet. Dei tek og opp problemstillingar med verdiforringing, auka byråkrati og innskrenking av grunneigar sitt handlingsrom.

**Merknad 2:** Aune 36/4, brev datert 29.09.2015. Tove og Andreas Aune meiner potensiale for nye funn er minimale for området. Dei meiner vernet av dei kjende kulturminna alt er tilstrekkeleg, og alt anna areal bør trekkjast frå fredingsforslaget. Dei tek opp at bakgrunnen for fredingssaka var utviding av massetak og meiner at ein kan stoppe dette med andre verkemiddel. Dei meiner ei freding vil føre til auka byråkrati og økonomiske meirkostnadar for grunneigar.

**Merknad 3:** Fikse næringsutvikling, brev datert 28.09.2015. Ein registrerer at arealet er redusert til 521 dekar. Til fredingsforslaget er ein i hovudsak av same syn som før primært negativ. Det blir vist til at kulturminna alt er freda og at plan- og bygningslova er eit veleigna verkemiddel for å sikre andre kulturminneinteresser i området.

**Merknad 4:** Asplan Viak for Etne Sand og Pukk AS, brev datert 24.09.2015. Etne Sand og Pukk reknar med at fredingsforslaget ikkje vil påverke reguleringsarbeidet deira. Ber om at tidlegare høyringsinnspele vart teke med vidare, og har ikkje andre merknader.

**Merknad 5:** Norconsult for Åsbø Sanddrift, brev datert 17.09.2015. Åsbø Sanddrift ser at det nye fredingsforslaget, ved ein reduksjon på 43%, tek større omsyn til ulike samfunnsinteresser. Framleis meiner ein det ikkje er teke tilstrekkeleg omsyn til næringsinteressene knytt til sandførekomsten i Stødleterrassen, slik Direktoratet for Mineralforvaltning, Norsk Bergindustri og næringsaktørar i området har gjeve uttrykk for. Dei saknar grunngjeving for fredingsavgrensing, viser til at andre areal med

liknande funnpotensial er teke ut, og håpar det kan vurderast ytterlegare justering av grensene til det dei meiner vil gje ei gunstigare ramme for kulturminna.

**Merknad 6:** Statens vegvesen, brev av 04.08.2015. Peiker på at det er teke omsyn til fredingsforslaget i planarbeidet for ny europaveg gjennom Etne, og har ikkje andre merknader.

**Merknad 7:** Hordaland fylkeskommune, vedtak i fylkesutvalet av 19.11.2015. Fylkesutvalet ynskjer ikkje områdefreding etter kulturminnelova, viser til at mykje av Stødleterrassen alt er freda etter kulturminnelova, og ser plan- og bygningslova som ein betre reiskap for å sikre andre kulturminneinteresser i området.

**Merknad 8:** Etne kommune, brev av 1.10.2015. Etne kommune ynskjer ikkje å gje innspel til høyringa før dei ser kva innspel som kjem fram lokalt. Inntil vidare står eit negativt grunnsyn til fredinga ved lag. Etne kommune ber om at merknadene dei hadde til fredingsforslaget i 2011 vert gjennomgått før handsaming av fredingsforslag i Etne kommunestyre (se desse).

### **Vestland fylkeskommune sine kommentarar til merknader – 2015**

*Kommentar til merknad 1 Sørheim 36/10 og 2 Aune 36/4.* Vestland fylkeskommune sine faglege vurderingar gjev ikkje grunnlag for å ta gnr. 36 bnr. 10 ut av det foreslått freda arealet. Området er redusert til eit minimumsareal av det som er naudsynt for å sikre verknaden av kulturminna i miljøet, og for å sikre vitskaplege interesser og kjeldeverdien til det som ligg skjult i marka. Etter Vestland fylkeskommune sitt syn er landbruksdrifta i dag med på å sikre ei god ramme for oppleving av dei framståande nasjonale kulturminneverdiane på Stødleterrassen. Fredinga har som føremål å sikre terrassen mot masseinngrep, mellom anna som terrengetformasjon. Dette skal sikre at landbruket skal kunne halde fram. Føresegne i fredingsforslaget er innretta for å ikkje stå i vegen for den daglege drifta i landbruket på Stødleterrassen. Det kan ikkje sjåast at landbruksdrifta vert skipa økonomisk, og ein sameina forvaltingsplan vil kunne gje ei effektiv forvalting

Det er ikkje gjort endringar i fredingsforslaget etter innspela frå dei to gardsbruka på Stødleterrassen.

*Kommentar til merknad 3 Fikse Næringsutvikling.* For fylkeskommunen sin kommentar, sjå kommentarar til merknad 4, 5 og 8.

*Kommentar til merknad 4 Asplan Viak for Etne Sand og Pukk AS, og merknad 5 NorConsult for Åsbø sanddrift.* Direktoratet for Mineralforvaltning har i fråsegn av 24.11.2010 til tidlegare høyningsrunde vurdert sandførekomensten i Stødleterrassen til å være viktig i ein regional samanheng.

*Miljøverndepartementet* var i vedtak av 09.10.2001 kjent med verdiane, og la innspelet frå Nærings- og handelsdepartementet av 23.08.2001 til grunn.

Miljøverndepartementet godkjente masseuttaket ut frå dette, men vurderte at sanduttaket frå Stødleterrassen no var kome til ei grense, og slo fast at vidare uttak som ville redusere kulturminneverdiane på Stødleterrassen ikkje ville være i tråd med nasjonale mål.

*Synspunkta frå sand- og masseuttaksnæringa* viser ein reell interessekonflikt med fredingsformålet. Denne konflikten var det som utløyste behovet for betre sikring av dei nasjonale kulturminneverdiane på Stødleterrassen. Når formålet med fredinga mellom anna er å sikre eit område kring kulturminna på Stødleterrassen, er det Vestland fylkeskommune si vurdering at ytterlegare tilrettelegging for masseuttak vil stå i motstrid til dette. Det vil også stå i motstrid med merknadene frå grunneigarane som ynskjer å halde fram med gardsdrift. Vurderinga i denne saka er at dei nasjonale kulturminneinteressene må prioriterast framfor ei utvida utvinning av den regionalt viktige sandførekomsten, i tråd med Miljøverndepartementet sitt vedtak i 2001. Dei faglege vurderingane som ligg til grunn for fredingsforslaget, sikrar ei god ramme for kulturminna utan å legge band på eksisterande næring. Av desse grunnar er det ikkje gjort endringar i fredingsforslaget etter merknader frå sand- og masseuttaksnæringa.

*Kommentar til merknad 6 Statens vegvesen.* Statens vegvesen tek omsyn til fredingsforslaget slik det ligg føre i planarbeidet for ny europaveg gjennom Etne. Det er ikkje trond for endringar.

*Kommentar til merknad 7 Hordaland fylkeskommune.* Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune har gjeve merknad i vedtak av 19.11.2015. Ein ynskjer ikkje freding, og viser til bruk av omsynssoner. Merknaden er ikkje framsett med grunnlag i saksutgreiinga og saknar grunngjeving.

Dei faglege vurderingane tilseier at arealet no er eit minimumsareal. Det vert lagt opp til å bruke omsynssoner for areal som er teke ut av fredingsomfanget. I vedtaket kjem det ikkje fram andre synspunkt som er tenleg grunnlag for å påverke utforminga av fredingsforslaget, men gjev synspunkt som kan takast teke vidare i andre prosessar.

*Kommentar til merknad 8 Etne kommune.* Etne kommune ville gje merknad når lokale merknader til høyringa er vurderte, og ville handsame saka i kommunestyret etter at desse er gjennomgått. Etne kommune bad i den samanheng om at deira innspeil til fredingsforslaget frå 2011 vart gjennomgått på nytt før ny handsaming i kommunestyret.

Det vart funne mest opplysande for saka at merknadane til ny høyring i 2015 vart utførleg handsama og kommentert i eige vedlegg, saman med kommentarar til Etne kommunestyre sin merknader frå 2011. Sistnemnte merknadar var retta til den tidlegare

versjonen av fredingsforslaget, og har fått stort gjennomslag i det fredingsforslaget som vart oversendt Riksantikvaren i 2013 og i det reviderte fredingsforslaget som vart sendt på høyring i 2015. Fredingsomfanget vart nesten halvert.

### **Politisk behandling av fredingsforslaget i 2018 – Etne kommunestyre si merknad**

Fredingsforslaget som var til ny høyring i 2015, med innkomne merknader og kommentarar, vart sendt til Etne kommune 28.02.2018. Då vart Etne kommune sitt innspel til høyringa i 2011 gjennomgått og vurdert av Hordaland fylkeskommune. Det vart gjeve utsett høyringsfrist. Etne kommune handsama saka i kommunestyret, 20.09.2018, og kom med følgjande merknad:

Etne kommune er negativ til framlegg om freding av 521 dekar på Stødleterrassen etter kulturminnelova § 19. Deler av Stødleterrassen er alt freda etter kulturminnelova, i praktisk forvaltning strekk kulturminneinteressene seg i dei fleste tilfelle langt utover dei frede areala, jf. kulturminnelova §§ 3 og 6. Etne kommune meiner at kulturmiljøet i området kan sikrast gjennom bruk av plan- og bygningslova, t.d. ved bruk av omsynssonar med tilhøyrande føresegner. Kommunen forventar at kulturminnestyresmaktene diskuterer dette spørsmålet vidare med Etne kommune i samband med det pågående arbeidet med revisjon av arealdelen for kommuneplanen.

Etne kommune ser at omfanget er redusert til 521 dekar, og at store deler no kan forvaltast etter plan- og bygningslova. Kommunen meiner dette var eit sekundært syn, og at forslaget ikkje er identisk med Etne kommune sitt.

Etne kommune har følgjande merknader dersom freding vert aktuelt: Ein ber om avklaring av heimelspørsmål frå Riksantikvaren, ber om feltundersøking på Stødleterrassen med moderne teknologi, meiner utgreiinga av rørte samfunnsinteresser ikkje er tilstrekkeleg, har innspel til føresegnene, krev årleg øyremerka statlege midlar til Stødleterrassen, ber om at regelverk for kompensasjon må omtalast, og peikar på endringar i grunneigarlista sidan 2005.

Etne kommune ser det som uheldig at forvaltingsplanen er sikra gjennomført i føresegner, og ikkje lagt fram saman med fredingsforslaget. Etne kommune ber om at saka no får ei avklaring.

### **Vestland fylkeskommune sine kommentarar til Etne kommune sine merknader – 2018**

Etne kommune sine merknader frå 2018 har mykje same realinnhald som merknadene frå 2011. Det framlagte forslaget har i stor grad lagt kommunen sine innspel i 2011 til grunn. Den store reduksjonen i arealomfang etter oppstart i 2005 og høyringa i 2011 er grunna i det lokale ynskje om forvalting ved bruk av plan- og bygningslova.

Den faglege vurderinga er at sjølv om dei kjente automatisk freda kulturminna på Stødleterrassen alt er verna, vil ikkje dette kunne sikre korkje verknaden av kulturminna i miljøet eller kjeldeverdiane i marka. Dei framståande kulturminneverdiane i landskapet gjer det naudsynt med sikring av kulturminneverdiane på Stødleterrassen med heimel i kulturminnelova § 19. Forvalting av nasjonale kulturminneverdiar på Stødleterrassen etter plan- og bygningslova er ikkje formalisert. Plan- og bygningslova kan dessutan ikkje gje tilsvarande langsiktig sikring av dei nasjonale kulturminneverdiane på Stødleterrassen som kulturminnelova kan.

Forslaget til freding har teke opp i seg mykje av Etne kommune sine forslag frå 2005 og 2011, og det er også fagleg grunngjeve ut i frå kulturminneverdiar og arkeologisk potensiale. Framleggget byggjer såleis på ei vurdering av lokale innspel og merknader, sett opp i mot behovet for vern av nasjonale kulturminneverdiar. Den faglege vurderinga er at ytterlegare reduksjon av fredingsomfang, slik Etne kommune viser til i sitt vedtak og si saksutgreiing, ikkje er tufta på kulturminnefaglege vurderingar. Det foreslått freda arealet er ut frå formålet med fredinga eit minimumsareal, og det tilrådast ikkje å gjere ytterlegare tillempingar eller reduksjonar i det foreslått freda arealet. Dei konkrete innspela frå gardsbruksområdet som ligg i det foreslått freda arealet, er forsøkt teke omsyn til gjennom tilpassa fredingsføresegner. Samla sett kan det ikkje tilrådast ytterlegare endringar i det foreslått freda arealet.

Etne kommunestyre kom med innspel til føresegner nr. 1, 2, 4, 5. Til desse er det gjort følgjande vurderingar og endringar i føreseggnene:

Innspel om å nemne grøfting og vedlikehaldsgrøfting i landbruket i føreseggnene, er teke omsyn til ved å ta inn ordlyden «*omlegging av eksisterande grøfter eller ny grøfting*» i føresegn 2, under opplisting av tiltak som det kan gjevast løyve til etter søknad.

Det vert peika på at tiltak unntake byggesakshandsaming etter byggesaksforskrifta kapittel 4, t.d. støttemur, levegg, innhegning og terrasse/platting, kunne vore nemnt i nr. 2. Det er følgeleg lagt til følgjande tiltak i føresegn 2: «*støttemur, levegg, innhenging, terrasse, utepeis, altan*».

Ein viser til at føresegn nr. 5, om å ikkje lagre reiskap eller utstyr knytt til landbruk og dyrehald slik at det skjemmer kulturminne, er open for individuell tolking og bør konkretiserast. Slik Etne kommune les punktet, inkluderer det ikkje lagring av dyrefôr, t.d. siloballar. Vestland fylkeskommune finn denne føresegna utfordrande å utforme meir bestemt, og finn det best å ikkje endre, men la stå som grunnlag for konkrete vurderingar frå tilfelle til tilfelle.

For å lette tilhøva for landbruket slik Etne kommune har gjeve merknad om til føresegnene, er det lagt til ei føresegnsnr. 7, der det heiter «*Dersom det ut frå helsemessige omsyn vert behov for akutte reparasjonar, t.d. kollaps av veiter og vassrøy, kan dette skje utan søknad dersom desse reparasjonane ikkje kjem i konflikt med kjente kulturminneverdiar. Kulturmiljøstyresmaktene skal ha melding om tiltaket så snart som råd.*»

Det vert vurdert som fordelaktig at forvaltingsplanen vert utarbeidd i samråd med partane, når fredinga ligg føre.

Vestland fylkeskommune er samde med Etne kommune i at saka bør få ei avklaring.

## **Vestland fylkeskommune – samla vurdering**

Merknadane til fredingsforslaget fell i tre grupper: Fastbuande på Stødleterrassen, masseuttak/næring, og offentlege instansar.

Det er kome inn to innspel frå grunneigarar i siste høyring. Det forventast ikkje negative fylgjer av fredinga for landbruket på Stødleterrassen, men dei to grunneigarane er skeptiske til ukjende prosessar. Vestland fylkeskommune ser ikkje at dette, eller anna innhald i merknadene frå grunneigarane, tilseier at det bør gjerast endringar i fredingsforslaget.

Det er ikkje gjort ytterlegare endringar i fredingsforslaget med bakgrunn i merknader frå masseuttaksnæringa. Det er reell konflikt mellom masseuttak og nasjonale kulturminneverdiar på Stødleterrassen. I utarbeiding av fredingsforslaget etter kulturminnelova er kulturminnefaglege vurderingar utgangspunktet. Fredingsforslaget legg ikkje band på eksisterande næring.

Etne kommune handsama fredingsforslaget i Etne kommunestyre i 2018. Det kan ikkje sjåast at det er grunnlag i vedtaket Etne kommune gjorde, for å gjere ytterlegare endringar i fredingsomfanget. Etne kommune sine innspel har ført med seg nyttige endringar i fredingsføresegnsene.

Innkomne og lokale synspunkt har fått stort gjennomslag i utarbeiding av fredingsforslaget. Framlegg om freding er trinnvis redusert i omfang til om lag det halve, og vil slik det ligg føre sikre vern av kulturminna i eit minimumsareal. Det er gjeve rom for bruk av plan- og bygningslova for store areal, i tråd med lokale innspel. Fredingsføresegnsene er justerte, særleg av omsyn til landbruksdrifta på Stødleterrassen, etter innspel frå Etne kommune. Det vart lagt opp til at ein sameina forvaltingsplan skal utarbeidast i fellesskap etter at fredingsprosessen er avklara.

I fleire merknader vert det peika på at plan- og bygningslova kunne nyttast framfor kulturminnelova, for å ta vare på dei nasjonale kulturminneverdiane på Stødleterrassen. Synspunktet har vore jamleg framsett sidan 2005. Faglege vurderingar tilseier at det er ved bruk av freding etter kulturminnelova § 19, vi best kan sikre kulturminna på Stødleterrassen eit heilskapleg, langsiktig og føreseieleg vern.

Alle innspel om utforming av fredingsforslaget har fått grundige vurderingar. Det konkluderast med at Stødleterrassen er eit svært viktig kulturmiljø og kulturlandskap nasjonalt, med framståande opplevingsverdiar og kontinuitet. Det er rett og naudsynt å frede sentrale deler av Stødleterrassen etter kulturminnelova § 19. For Riksantikvaren si endelige handsaming av saka viser Vestland fylkeskommune til vedlagte merknader og merknadsgjennomgang, og tilrår freding av Stødleterrassen etter kulturminnelova § 19.

Vestland fylkeskommune sluttar seg til Etne kommunestyre sitt syn i vedtak av 20.09.2018, der dei samrøystes ber om at saka no får ei avklaring.

## **Riksantikvaren sine kommentarar til fredingssaka**

Riksantikvaren fekk tilsendt forslaget frå Vestland fylkeskommune om freding av Stødleterrassen i brev datert 20.01.2023. Samstundes vart det sendt kopi til Etne kommune og til alle som har gjeve innspel til fredingssaka sidan oppstarten i 2005.

Saka har gått over svært lang tid og har vært tema for ei grundig behandling både lokalt, i fylkeskommunen og hos Riksantikvaren. Det er likevel å beklage at det ikkje har vært mogleg å avslutta saka før.

### *Riksantikvaren si vurdering*

Riksantikvaren oppfattar at det i prosessen har vært ein reell medverknad og god dialog mellom Vestland fylkeskommune og Etne kommune, grunneigarar og andre interesserte. Vestland fylkeskommune har gjort ei grundig vurdering av merknadane til dei ulike utkasta til freding av terrassen og gjennom dette søkt å ta omsyn til fortsett drift og bruk av området. Områdefredinga vil ikkje hindre vidare drift og bruk av Stødleterrassen som landbruksareal og opnar og for naudsynte endringar over tid, mellom andre for å ta i vare kyrkja sine behov. Når det gjeld uttak av massar, er aktuelle uttaksområde allereie regulerte. Det dåverande Miljøverndepartementet har tidlegare slått fast at ytterlegare inngrep som vil forringje dei samla kulturmiljøverdiane på terrassen, ikkje vil være i tråd med nasjonale mål. Vedtaket er og i tråd med gjeldande nasjonale mål, og områdefredinga gjev ei føreseieleg juridisk ramme for bruk av sentrale delar av Stødleterrassen.

Over er merknadane frå dei ulike høyringsrundane samt Vestland fylkeskommunes kommentarar til desse gjengjeve og/eller omtala. Riksantikvaren har gått gjennom og

vurdert alle merknadane. I det store og heile sluttar vi oss til Vestland fylkeskommune sine vurderingar, og finn ikkje grunn til å gjenta desse.

Når det gjeld direkte spørsmål frå Etne kommune til Riksantikvaren om «heimelsgrunnlaget for fredinga, m.a. sett oppimot storleiken på fredingsområdet», viser Riksantikvaren til avsnittet «Riksantikvaren si myndigheit».

Med unntak av mindre reint språklege og strukturelle endringar har Riksantikvaren heller ikkje funne grunn til å endre på fylkeskommunen sitt forslag til fredingsføresegner. Det same gjeld dokumentasjonsvedlegget som er utarbeidd av Hordaland fylkeskommune i 2015.

#### *Fråsegn til fredingssaka frå Direktoratet for mineralforvaltning*

I samband med oversendinga av saka frå fylkeskommunen til Riksantikvaren sende Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) fråsegn i saka den 2. mars 2023. Dei gjer greie for interessekonflikten mellom mineralressursane og kulturmiljøet. DMF viser til at mineralforvaltinga har som mål å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og hindre at viktige førekomstar blir gjort utilgjengelege av arealbruk som hindrar framtidig utnytting. Dei påpeikar at områdefredinga ikkje vil være til hinder for den eksisterande masseuttaksnæringa, men vil hindre ei eventuell utviding av mineraluttak vidare nord. Samstundes erkjenner dei at fylkeskommunen har gjort grundige vurderingar og utgreiingar av denne interessekonflikten i saka og at dei nasjonale kulturminneinteressene er vekta og vurdert mot mineralinteressane. DMF har derfor ingen andre innvendingar mot fredinga av Stødleterrassen.

#### *Oppfølging av eigarar*

I gjennomgangen av saka såg Riksantikvaren at det var to eigedomar som ikkje var nemnd i saka, men som eintydig ligg innanfor områdefredinga og som heile tida har vore avmerkt som fredingsområde i sakskarta. Dette gjeld eigedomane gnr./bnr. 36/32 og 36/33. Desse to eigedomane vart oppretta som eigne eigedomar gjennom frådeling hausten 2015. Etter å ha forsøkt å oppnå kontakt med eigaren av 36/32 over telefon, vart det sendt brev den 23. august 2024 med orientering om saka. Fredingsforslaget frå Vestland fylkeskommune var lagt ved. Eigaren fekk tre veker frist til å kome med merknader til saka. Eigaren av 36/33 fekk orientering om saka på telefon den 4. mars, og samtalens vart følgd opp med ein e-post same dag, der òg dokumenta som vart oversendt Riksantikvaren frå Vestland fylkeskommune i januar 2023 var lagt ved. Ingen av dei har gitt merknader til fredingssaka.

Det har vore eigarskifte på fleire av eigedomane innanfor områdefredinga etter høyringa i 2015. Det er viktig at alle eigarane er gjort kjent med fredinga, og har fått moglegheit til å uttale seg, før fredinga vert vedteke. Det vart difor send brev den 23. august 2024 til dei nye eigarane på gnr./bnr. 35/6, 35/57, 36/5, 36/10, der dei fekk moglegheit til å

koma med merknader til saka innan tre veker. Ingen av desse eigarane har gitt merknader til fredinga.

## **Opplysning om klagerett og tinglysing**

Det kan klagast på Riksantikvaren sitt fredingsvedtak til Klima- og miljødepartementet, jf. forvaltingslova § 28. Ei eventuell klage skal stilast til Klima- og miljødepartementet, men sendast Riksantikvaren innan tre veker frå fredingsvedtaket er motteke, jf. forvaltingslova § 29.

Fredingsvedtaket vil bli tinglyst av Riksantikvaren i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 5.

Med dette fredingsvedtaket vert det tidlegare vedtaket 30.10.2000 om mellombels freding for deler av Stødleterrassen oppheva.

Beste helsing

Hanna Geiran  
riksantikvar

Turid Kolstadløkken  
avdelingsdirektør

## **Brevet er elektronisk godkjend**

Vedlegg: 2

Kopi til: Direktoratet for mineralforvaltning, Postboks 3021 Lade, 7441 TRONDHEIM/ Klima- og miljødepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO/ Universitetsmuseet i Bergen, Postboks 7800, 5020 BERGEN

Mottakar	Kontaktperson	Adresse	Post
Anders Sørheim		Sørheimsvegen 145	5590 ETNE
Hundseid			
Andreas Aune		Sørheimsvegen 71	5590 ETNE
Ansgar Grindheim		Haukelivegen 1048	5590 ETNE
Astrid Selland		Gilavegen 1	5590 ETNE
Bjørn Stødle		Gilavegen 17	5590 ETNE
Bjørnar Sørheim		Sørheimsvegen 93	5590 ETNE
Elisabeth Silde		Kambsvegen 12	5590 ETNE
Etne kommune		Sjoarvegen 2	5590 ETNE
Inge Selland		Gilavegen 22	5590 ETNE
Ingvild Svendsen		Stødlevegen 123	5590 ETNE
Jan Arne Strøm		Stødlevegen 256	5590 ETNE
Kåre Heggelund		Sørheimsvegen 28	5590 ETNE
Marit Storhaug		Toreskogvegen 93	4350 KLEPPE
Olav Oppedal		Stødlevegen 134	5590 ETNE
Roar Erik Gundegjerde		Hagaleitet 19	5590 ETNE
Ruth Valde		Stødlevegen 256	5590 ETNE
Tove Aune		Sørheimsvegen 71	5590 ETNE
Tron Storhaug		Toreskogvegen 93	4350 KLEPPE
Vestland fylkeskommune		Postboks 7900	5020 BERGEN
Vidar Sørheim		Sørheimsvegen 127	5590 ETNE
Jaroslaw Majewski		Stødlevegen 229	5590 ETNE
Marius Øverland		Stødlevegen 235	5590 ETNE